



Velkommen til foreldremøte med evaluering av Polenturkonseptet

08.04.25

Kantina – Gimle skule

19.00



Agenda – *tidsramme: 19-20.30.*

- **Innleiing frå FAU –leiar Christine Herregården Pedersen og rektor Anders Bergsland**
- **Orientering om prosess**
- **Orientering om historikk og konsept**
- **Utfordringsbilete**
- **Evaluering av konsept – anonymt frå heimane**

Innleiing frå FAU –leiar Christine Herregården Pedersen og rektor Anders Bergsland

- FAU – utfordringsbilete
 - tema i FAU
- Skulen – “ingen aksjer, men eit ansvar”
 - praksis ved andre skular



- Kva tenkjer du/dykk om å halde fram med noverande Polentur?
- Kva tenkjer du/dykk om at klassa over år samlar inn pengar på dugnad til 10.klassetur?
- Korleis har dykk opplevd samarbeidet i foreldregruppaa i klassa rundt Polentur?
- Kva tenkjer dykk elevane får ut av å reise på Polentur?
- Er det nokre etiske og sosiale utfordringar med noverande tur?
- Kva forventingar trur dykk dykkar barn har til 10.klassetur?
- Kva kan vere alternativet til novernade tur?
- Anna?

Orientering om prosess

HISTORIKK:

- FAU – møte haust 2023
- To ekstraordinære foreldremøte hausten 2024
- Har vore drøfta med elevar i SU/SMU
- Drøfta administrativt og debatert i formannskap og OKO.

FRAMDRIFT:

- Evaluering frå heimane
- Uttale frå elevrådet
- Uttale frå SU/SMU
- Uttale frå tilsette
- Uttale frå FAU
- Rektor utarbeider sak til politisk handsaming før sommaren.

Orientering om historikk og konsept

Historikk

Turen har lang fartstid og fotfeste i Fyresdal

Opplevingar for generasjonar.

Aktive fredsreiser -



Opplæringslova

- **§ 4-6. *Skoletur med overnatting***

- Kommunen skal som ein del av grunnskuleopplæringa tilby elevane leirskuleopphald eller annan skoletur med minst tre overnattingar i samanheng.

«Turen skal vere gratis, og skulen skal leggje til rette for elevar med særlege behov, tildømes funksjonsnedsetjingar, skal kunne delta. Skuleturen skal vere ein del av grunnskuleopplæringa og må vere i samsvar med læreplanverket»

Politiske vedtak

Behandling i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 03.04.2025

Forslag fremmet av Nils Vidar Pettersen (Fyresdal Arbeiderparti) OKO utvalget bevilger 25 tusen kroner fra OKO utvalgets pott til kommende Polen tur.

Forslaget til Nils Vidar Pettersen (FAP) samrøystes vedteken

10.klasse 2009/10 var 24 elevar. Dvs eit reisebudsjett på:
Elevar 120 000,-
5 føresette 25 000,-
2 lærarar 50 000,- (sentrale føringar for lønn til undervisningspersonell ved overmøtningsturar med elevar)
Total utgift 195 000,-

10 kl. 2010/11 er 22 elevar, dvs en totalutgift (1 lærar med) 160 000,-
10 kl 2011/12 er 19 elevar, dvs en totalutgift (1 lærar med) 140 000,-

Gimle skules ekskursjonsbudsjett er på 140 000,-. I praksis betyr dette at 10. klasseturen tar heile ekskursjonsbudsjettet + deler av driftsbudsjettet. Alle andre turaktivitetar for elevane ved skulen må dekkast av driftsbudsjettet.

I budsjettet 2010 vart og driftsbudsjettet til skulen redusera med 83 000,-

Gimle skule kan ikkje innfor egne rammar dekke kostnadane for deltakarar på 10.klassetur og samstundes oppretthalde eit visst aktivitetsnivå for dei andre elevane ved skulen.

Avslutningsturen i 10.klasse har både fagleg og sosialt vært ein stor suksess. Ein skulle ynskje å finne andre finansieringsmåtar så ein kunne halde fram med denne turen. Dette er ffr. brev frå utdanningsdirektoratet om gratisprinsippet i grunnskulen i praksis vanskeleg.

Konklusjon:

Gimle skule kan ikkje innfor egne rammar dekke kostnadane for deltakarar på 10.klassetur. Dersom ein skal halde fram med 10.klassetur i skulen/kommunens regi må det løyvast serlege midlar til dette.

Innstilling frå rådmannen:

Det blir ikkje arrangera 10.klassetur i skulen/kommunens regi. Vedtaket gjeld frå skuleåret 2011/2012 (budsjettår 2011)

Ketil O. Kiland rådmann	Torøy Strand Møripen sektorsjef kultur og oppvekst
----------------------------	---

Handsaming i Kommunestyret - 08.04.2010

Framlegg frå Senterpartiet v/Per Helge Seltveit:

Det blir arrangera avgangstur til Polen for 10. klasse i skulen/kommunen sin regi, under forutsetning av:

Turen må ha eit fagleg innhald som skulen kan forsvare i høve læreplanen og som kan nyttast til før- og etterarbeid på skulen og som skal bidra til auka forståing for fredsarbeid, likeverd og menneskerettar. Fyresdal kommune dekker inntil kr 60.000,- mellom anna for å dekke løn for ein lærar i forbindelse med avgangsturen for 10. klasse. Den resterande delen blir "egenandel" som kan inntjenast med dugnadsarbeid, gåver, kronerulling, kakepotteri m.v., i samsvar med rundskriv F-14/03 frå Kunnskapsdepartementet om gratis grunnskuleopplæring. Vedtaket gjeld frå og med skuleåret 2011/2012.

12 røyster for framlegget frå Senterpartiet

8 røyster for vedtaket i hovudutvalet for kultur, oppvekst og omsorg.

Vedtak i Kommunestyret - 08.04.2010

Det blir arrangera avgangstur til Polen for 10. klasse i skulen/kommunen sin regi, under forutsetning av:

Turen må ha eit fagleg innhald som skulen kan forsvare i høve læreplanen og som kan nyttast til før- og etterarbeid på skulen og som skal bidra til auka forståing for fredsarbeid, likeverd og menneskerettar. Fyresdal kommune dekker inntil kr 60.000,- mellom anna for å dekke løn for ein lærar i forbindelse med avgangsturen for 10. klasse. Den resterande delen blir "egenandel" som kan inntjenast med dugnadsarbeid, gåver, kronerulling, kakepotteri m.v., i samsvar med rundskriv F-14/03 frå Kunnskapsdepartementet om gratis grunnskuleopplæring. Vedtaket gjeld frå og med skuleåret 2011/2012.

Frå 2014

Framlegg frå Christin L. Skansen:

Forslag om å endre fordelingen av midler til lærer på tur med 10. kl. til Polen. Ønsker å endre fordelingen fra 30.000kr til 15.000kr. De resterende 45.000 skal gå til klassen.

Samrøystes

Kompetanseløftet 2020

- Samfunnsfag etter 10.trinn
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne
- drøfte korleis framstillingar av fortida, hendingar og grupper har påverka og påverkar haldningane og handlingane til folk
- utforske korleis teknologi har vore og framleis er ein endringsfaktor, og drøfte innverknaden teknologien har hatt og har på enkeltmenneske, samfunn og natur
- reflektere over korleis menneske har kjempa og kjempar for endringar i samfunnet og samstundes har vore og er påverka av geografiske forhold og historisk kontekst
- samanlikne korleis politiske, geografiske og historiske forhold påverkar levkår, busetjingsmønster og demografi i forskjellige delar av verda i dag
- gjere greie for årsaker til og konsekvensar av sentrale historiske og notidige konflikter og reflektere over om endringar av nokre føresetnader kunne ha hindra konfliktane
- **gjere greie for årsaker til og konsekvensar av terrorhandlingar og folkemord, som holocaust, og reflektere over korleis ekstreme haldningar og ekstreme handlingar kan førebyggjast**
- utforske og beskrive korleis menneske- og urfolksrettar og andre internasjonale avtalar og samarbeid har betydning for nasjonal politikk, livet til menneske, likestilling og likeverd
- reflektere over likskapar og ulikskapar i identitetar, levesett og kulturuttrykk og drøfte moglegheiter og utfordringar ved mangfald
- reflektere over korleis identitet, sjølvbilete og eigne grenser blir utvikla og utfordra i ulike fellesskap, og presentere forslag til korleis ein kan handtere påverknad og uønskete hendingar
- reflektere over kva for aktørar som har makt i samfunnet i dag, og korleis desse grunngir standpunktane sine
- beskrive sentrale lover, reglar og normer og drøfte kva konsekvensar brot på desse kan ha for den enkelte og for samfunnet på kort og lang sikt
- beskrive trekk ved det politiske systemet og velferdssamfunnet i Noreg i dag og reflektere over sentrale utfordringar

Kostnad

Årstal	Totalkostnad	Foreldrebillett	Kom.st. elevar	Statleg stønad	Kom.st. tilsette	Innsamling
2010	160 000	Ca. 80 000	45 000	17000	15 000	
2021 NO	271 000	Ca.135 500	45 000 + ekstraløyving	17000	15 000	Ca. 58 500
2023	344 000	Ca. 172 000	45 000	17000	15 000	Ca. 95 000
2024	480 000	Ca. 240 000	45 000	17000	15 000	Ca. 163 000
2025	?		45000+ 25000 i ekstraløyving			

Tilleggskostadar for skulen

Ordinær lønn til 2 vaksne frå skulen

+ godtgjeringsavtale for vaksne frå skulen	ca. 60.000
- kommunal stønad tilsette	-15.000

Vikarutgifter i tida tilsette er på tur


+ eventuelle opplegg for elevar som ikkje reiser	ca. 20.000
--	------------

Kvar klasse legg inn ynskje om varigheit, standard på hotell, ferje +++.

Aktive Fredsreiser tilbyr òg reise saman med andre skular for å redusere konstad. Dette er val klassene sjølv må ta.

UTFORDRINGSBILETE

- Auka kostnad
- Gratisprinsippet
- Inkludering
- Dugnadsorganisering
- Manglande betaling
- Sosiale og økonomiske ulikheit
- Synkende elevtal –



Evaluering av konsept – anonymt frå heimane

- Tidsramme 20-30 minutt.
- Mentimeter



Takk for oppmøtet

